MATEMATIKKSENTERET
Nasjonalt senter for matematikk i opplæringen

2025

# PARKONKURRANSE

for

elevar på 4.–6. trinn

Oppgåver på nynorsk

# Kenguru DUO

NTNU
Kunnskap for en bedre verden

**1.** På ei snor er annakvar perle kvit og annakvar perle svart.



Tre boksar skjuler nokre av perlene. Det er til saman 6 svarte perler under boksane.

**Kor mange kvite perler er det under boksane?**

**(A)** 4 **(B)** 5 **(C)** 6 **(D)** 7 **(E)** 8

---

**2.** Joana spelar fotball samen med vennene sine.
Før kvar kamp stiller dei seg ved sida av kvarandre. Då kan tala på skjortene deira lesast frå venstre mot høgre som eit stor tal med åtte siffer. Dei står slik at dei dannar det høgaste talet det er mogleg for dei å lage.

**Kven står då i midten?**




(**A**) Joana (**B**) Candy (**C**) Elyana (**D**) Nadine (**E**) Paula

---

**3.** Nokre brikker er plassert i eit rutenett.



**Kva for ei av brikkene nedanfor kan du <u>ikkje</u> leggje på dei tomme, kvite rutene?**



**(A)** **(B)** **(C)** **(D)** **(E)**

**4.** Tala i dei fire rutenetta nedanfor er skrivne etter same mønster.
Nokre av tala har vorte viska ut.




**Kva er summen av dei to tala i rutene merka med stjerne og sol?**

**(A)** 23 **(B)** 25 **(C)** 33 **(D)** 35 **(E)** 43

---

**5.** Olivia har bygd to tårn.
Ho tek den øvste klossen frå tårnet til venstre og legg han på bordet. Så tek hun den øvste klossen frå tårnet til høyre og legg han oppå den første klossen. Slik held ho fram på same måte, heilt til ho har laga eit nytt tårn. I det nye tårnet har to klossar som ligg oppå kvarandre det same mønsteret.

**Kva to klossar er det?**




**(A)**


**(B)**


**(C)**


**(D)**


**(E)**

---

**6. På tallinja nedanfor, kva tal peikar pilen på?**




**(A)** 43 **(B)** 53 **(C)** 62 **(D)** 64 **(E)** 68

**7.** Skriv tala 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8 og 9 i sirklane slik at det stemmer med teikna mindre enn og større enn.




**Kor mange ulike tal kan stå i sirkelen merka med spørsmålsteikn?**

**(A)** 4 **(B)** 5 **(C)** 6 **(D)** 7 **(E)** 8

---

**8.** Chris skal skrive eit positivt tal i kvar av dei fem rutene. Om han gonger saman to tal som ligg ved sida av kvarandre, skal svaret stemme med talet på biletet.




**Kva er summen av dei fem tala han skriv?**

**(A)** 20 **(B)** 24 **(C)** 30 **(D)** 36 **(E)** 40

---

**9.** Ei katt, ei marihøne, ei mus og ei bie stiller seg opp for fotografering.
Dei vil stå på ei linje, men musa og katta kan ikkje stå ved sida av kvarandre.



**På kor mange måtar kan dyra stille seg opp for fotografering?**

**(A)** 6 **(B)** 8 **(C)** 12 **(D)** 16 **(E)** 18

**10.** Tala frå 1 til 9 skal plasserast i dei kvite sirklane. Eitt tall i kvar sirkel.
Tala i dei blå sirklane, er summen av tala i nabosirklane.
Nabosirklar er de kvite sirklane som er kopla til den blå sirkelen med ei linje.




**Kva tal må stå i sirkelen merka med spørsmålsteiknet?**

**(A)** 3 **(B)** 4 **(C)** 5 **(D)** 6 **(E)** 7

---

**11.** Små figurar ligg i ein ring.
Niklas fjernar tre av figurane som ligg ved sida av kvarandre.
Dei figurane han fjernar er ein blekksprut, ei bille og ein krabbe.
Han lager ein ny ring utan å endre rekkjefølgja på figurane.



**Kva for ein av desse ringane kan Niklas då få?**



**(A)**



**(B)**



**(C)**



**(D)**



**(E)**

**12.** Ei digital klokke viser 20:25.

**Kor mange minutt går det før klokka viser dei same siffera neste gong?**

**(A)** 17 **(B)** 27 **(C)** 37 **(D)** 47 **(E)** 105

---

**13.** I ein kopp står 25 fargeblyantar.
Det er både raude, blå, grøne, gule og rosa blyantar i koppen.
Det er 6 blå blyantar, 22 av dei er ikkje rosa, og 14 av blyantane er verken gul eller raud.

**Kor mange grøne blyantar er det i koppen?**

**(A)** 3 **(B)** 4 **(C)** 5 **(D)** 6 **(E)** 8

---

**14.** Alle skålvektene nedanfor er i balanse.




**Kor mykje vegar loddet med spørsmålsteiknet på den nedste skålvekta?**

**(A)** 5 kg **(B)** 4 kg **(C)** 3 kg **(D)** 2 kg **(E)** 1 kg

**15.** Kengu og Kenga har bygd ein vegg av to typar klossar, ein kort kloss og ein lang kloss. Den korte klossen er 1 m lang.




**Kor lang er veggen som Kengu og Kenga har bygd?**

(A) 9 m  **(B)** 12 m  **(C)** 14 m  **(D)** 15 m  **(E)** 16 m

---

**16.** Bestemor vaska sokkar og hang de til tørk i grupper med 3 sokkar i kvar gruppe slik biletet viser.
Etter at dei var tørre, sorterte hun sokkane i par.
Det ble 7 fleire sokkepar enn talet på grupper med 3 sokkar som hang til tørk.



**Kva for ein av påstandane nedanfor er då sann?**

**(A)** Bestemor har færre enn 29 sokkar.
**(B)** Bestemor har meir enn 29 sokkar, men færre enn 37.
**(C)** Bestemor har meir enn 37 sokkar, men færre enn 49.
**(D)** Bestemor har fleir enn 49 sokkar, men færre enn 59.
**(E)** Bestemor har meir enn 59 sokkar

**17.** Ali har fem rutenett der nokre av rutene tomme.
Han oppdagar at det er berre eitt av rutenetta han kan bruke til Sudoku. Da må han kunne fylle inn tala 1, 2, 3 og 4 i dei tomme rutene slik at kvar kolonne og kvar rad i rutenettet inneheld dei fire tala.

**Kva for eit av dei fem rutenetta må han då velgje?**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 | 4 | | |
| | | | |
| 4 | | | 2 |
| | | 3 | 1 |

**(A)**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 | | | |
| 3 | | | |
| | 4 | | 2 |
| | 2 | | |

**(B)**

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | 1 | |
| 2 | | | 3 |
| | 3 | | |
| | | 2 | |

**(C)**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 3 | | | 4 |
| | 1 | | |
| | | 1 | |
| | 2 | | |

**(D)**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 | 2 | | 4 |
| | 1 | | |
| | | 1 | |
| | | | |

**(E)**

---

**18.** Georg, David og Mary er venner. Ingen av dei er like gamle.
På spørsmålet «Kven er eldst?», svarer dei:

Georg: Eg er ikkje eldst.
David: Eg er eldst.
Mary. Eg er ikkje yngst.

Men det er berre éin av dei som snakkar sant.
**Sorter dei tre vennene frå den yngste til den eldste.**

**(A)** David, Georg, Mary
**(B)** George, David, Mary
**(C)** Mary, David, Georg
**(D)** David, Mary, Georg
**(E)** Georg, Mary, David